



**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund

E-post: torbjorn.hasund@sfj.no

Tlf: 57 65 62 73

**Vår ref.**

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

**Dykkar ref.**

## Møtereferat - planforum 12.11.2014

Stad: Videomøte – Storehagen Atrium Førde, møterom Hafstad, og Fylkeshuset Leikanger – møterom Jølstra

**Referent:** Trond Sundby

---

### **Kl. 12:00 Leikanger kommune - Kommuneplanen 2014-2026 - Samfunnsdelen.**

Til stades: Per Holen og Anne Brit Lauvsnes – Leikanger kommune, Dag Endre Stedje, Eline Orheim og Kåre Træen – Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Harald Skildheim – Statens vegvesen, Eva Moberg, Sissel Lillebø Aarseth (begge KA), Atle Reidar Sandnes (NA), Emma Bjørnsen og Trond Sundby (begge PSA).

#### Tema for drøfting i planforum :

1. Har vi fått med dei viktigaste problemstillingane med tanke på kva kommuneplanen sin samfunnsdel skal innehalde?
2. Tabellane inneheld hovudmål, delmål og strategiar. Bør vi ha med målbilete under kvar overskrift som seier noko om korleis vi ser for oss at samfunnet er i 2026? Blir dette eit løft, eller er det overflødig?
3. Korleis koplar vi saman samfunnsdelen, handlingsplan og økonomiplan på ein god måte, som inkluderer forslaga til tiltak som vi har fått inn?
4. Planprogrammet og dokumentet vart utarbeida etter ei ny regjering kom på bana, og med tanke på sentralisering var det usikkert om det ville kome endringar for dei statlege etatane i Leikanger. Strategien om å støtte opp om ei utvikling av gründerkultur i Leikanger må lesast på bakgrunn av dette. I teoriar rundt samfunnsutvikling blir det presisert at det er viktig å finne ei strategisk posisjonering og velje seg profil. Det er opp til politikarane i kommune og avgjere kva vi skal satse på, men innspel på tema er spanande. Bør ein satse einseitig på å vere god vertskommune for dei offentlege arbeidsplassane slik at vi får behalde dei? Eller treng vi ein alternativarbeidsmarknad i tilfelle vi ikkje kan stole på at dei etablerte arbeidsplassane blir verande i kommunen? Å arbeide for at fleire busett seg i Leikanger og blir verande er fastset som eit hovudmål.

**Fylkesmannen**

### Natur og miljø v/Dag Endre Stedje

Vi tilrår å få tydelegare fram miljøutfordringane i kommunen, både i den skjematiske kortversjonen og i den utfyllande tekstdelen.

Vi ser det som viktig at samfunnsdelen tydleg synleggjer utbyggingsstrategiane. Vi tilrår å samle dei ulike utbyggingsstrategiane på ein plass i samfunnsdelen. Dei bør også gå tydleg fram tidleg i den skjematiske kortversjonen.

Samfunnsdelen skal jo vere eit viktig grunnlag for å gjere val og prioriteringar i arealdelen. Behov for utbyggingsareal til ulike formål bør dokumenterast og grunngjevast i samfunnsdelen. Dette kan gjerast ut frå:

- Vurdering av forventna utvikling i kommunen
- Arealrekneskap; kor mykje ledig utbyggingsareal ligg inne i gjeldande arealdel av kommuneplanen

Det er viktig å få til ei god kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. På dette området kan planutkastet bli meir konkret og tydeleg. Det er avgjerande å få til ein god struktur/disponering av innhaldet i samfunnsdelen for å få den ønskede gode koplinga mellom samfunnsdelen og handlingsdelen/økonomiplanen og vidare mot arealdelen.

Vi tilrår at omsynet til barn og unge i større grad vert omtalt i samfunnsdelen. Vi tenkjer her på at det er viktig å leggje vekt på ein samanhengande grønstruktur som m.a. knyter saman bustadområde, skule/barnehage, leikeområde og bygningar/anlegg/område for fritidsaktivitetar. Under «Busetjing og tilflytting» tilrår vi å omtale leikeplassar i bustadområde, og spesielt nærleikeplassar for dei minste barna. Slike leikeplassar vil også medverke til meir sosial aktivitet (jf. strategi under «Busetjing og tilflytting») fordi leikeplassar er gode møteplassar for både ungar og vaksne. Det er elles viktig å sikre god medverknad frå barn og unge i planprosessen.

Vi viser elles til fråsegna vår ved oppstart av planarbeidet og til rettleiaren til kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen. Sjå spesielt s. 25 og 27 om innhaldsliste og aktuelle tema som samfunnsdelen kan omhandle.

### Beredskap v/Eline Orheim

Vurder innhaldet i innspelet som vi kom med ved oppstart av planen, og spesielt innspelet om å nytte samfunnsdelen til å svare på §3 i Sivilbeskyttelseslova. Så vidt vi kan sjå er det ikkje utarbeidd langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i utkast til samfunnsdelen. Kommunen må ikkje svare på §3 i samfunnsdelen, den kan også velje andre former (t.d. kommunedelplan). Men dersom kommunen legg opp til at samfunnsdelen skal svare på § 3, bør det gjerast noko meir arbeid på dette.

### Handlingsdel/økonomiplan-Kåre Træen (spm 3)

Det er viktig å få til god kopling mellom samfunnsdelen og handlingsdelen/økonomiplanen. I dag seier lovverket at samfunnsdelen med handlingsdel

skal handsamast etter plan- og bygningslova medan økonomiplanen vert handsama etter kommunelova. Tilrår at dette vert slått saman og handsama etter kommunelova. Då er det viktig at mål, satsingsområde og strategiar i samfunnsdelen inngår i dette dokumentet. (Sogndal kommune som døme.)

Lover:

- Det er plan og bygningslova som regulerer handlingsdelen til kommuneplanens samfunnsdel (pbl. § 11.1)
- For den årlege rulleringa for kommuneplanens handlingsdel, jf. § 11-1, skal kommunen innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjerast offentleg minst 30 dagar før kommunestyrets handsaming.
- Økonomiplanen, etter kommunelova § 44, kan inngå i handlingsdelen (eit slikt dokument skal handsamast både etter pbl og kommunelova, men med 30 dagars utlegging).

Grunnlaget for ei vellukka utvikling av kommunen, kan vere å få til samanhengen mellom politikk og økonomi. God økonomiplanlegging- og styring gjev større politisk handlingsrom på kort og lang sikt. For å få til dette, treng økonomiplanlegginga politiske føringar frå den strategiske planlegginga (kommuneplanen) for kva som er kommunens satsingsområde, mål og strategiar. Altså ei tydeleg kopling mellom strategisk og taktisk/operativ planlegging, dette må også omfatte utforming av dokumenta. Så utfordringa blir, er det med grunnlag i samfunnsdelen greitt å omsette visjon, mål og strategi til prioriterte tiltak gjennom handlingsdel – økonomiplan – budsjett – verksemdplanar? Skal handlingsdelen og økonomiplanen vere eitt dokument? I vårt fylke at det er få kommunar som arbeider aktivt med den årlege rulleringa av handlingsdelen etter pbl. Økonomiplanen står mykje sterkare, og fleire kommunar omtaler denne og som handlingsdelen, men blir ikkje handsama etter pbl. Dette m.a. fordi fleirtalet av kommunar handsamar økonomiplanen på hausten, og eitt felles dokument med handlingsdel og økonomiplan skal ha ei kunngjering på 30 dagar og dette gjer det tidsmessig krevjande med vedtak i kommunestyret i desember ettersom statsbudsjettet blir lagt fram medio oktober. Det har i møte med kommunane kome synspunkt på at dei ikkje maktar både handlingsdel og økonomiplan, og at dei ønskjer ei harmonisering av lovverket slik at økonomiplanen og kan ta i vare handlingsdelen og at kopling og prioriteringar frå samfunnsdelen ligg ei eit slikt dokument, som blir handsama etter kommunelova. Dette er teke opp i eit brev til departementet (vedlagt). Per i dag er ikkje dette i samsvar med lovverket. Men i fylket er det kommunar som er tydelege på koplinga til samfunnsdelen, og får dette til gjennom økonomiplanen.

### **Statens vegvesen**

Nasjonalt viktig at vi tek vare på rv. 55 som effektiv transportåre/veg dvs. rv. 55 kopla opp til rv. 13 Vik – Voss og rv. 55 kopla opp til rv. 5 Sogndal

Viser til rikspolitiske retningslinje, datert 26.09.2014:

*Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/lover\\_regler/retningslinjer/2014/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging.html?id=768003](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/lover_regler/retningslinjer/2014/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging.html?id=768003)

- Generelt trafikktryggleik
- Mjuka trafikkantar
- Trygg skuleveg
- Fortau/gang og sykkelveg
- Tilrettelegging for at flest mogleg kan gå/sykle i kvardagen
- Byggefelt: kapasitet avkjørsler/vegkryss inn på primærveg dvs. riksveg/fylkesveg

## **Fylkeskommunen**

### Kulturminne v/Eva Moberg

Forslag om at følgjande mål kjem klarare fram i tekstdelen i samfunnsdelen:

«Det er eit mål at kulturminna skal nyttast som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga og løftast fram i næringsutviklings- og verdiskapingsarbeidet i kommunen»

Bør inngå under Næringsutvikling og verdiskaping og/eller under Kultur og fritid.

### Folkehelse v/Emma Bjørnsen

Folkehelse er eit prioritert område i planen. Dette viser att i målformuleringar og fleire strategiar i nokre av dei tema kommunen prioriterer. Dette er veldig bra og viser at kommunen set folkehelse høgt på agendaen. For at folkehelseområdet også skal betre bli synleg i tekstdelen er det viktig å legge inn formuleringar som støttar opp om målformuleringane og val av strategiar.

I innleiinga viser kommunen til folkehelselova og definisjonen for folkehelse. Lova har 5 berande prinsipp: 1) Helse i alle politikkområde, 2) utjamne sosiale helseskilnader i befolkninga, 3) føre-vår-prinsippet, 4) bærekraft og 5) samarbeid. Helse i alle politikkområde betyr at kommunen må ta folkehelseomsyn i alle sektorar. Dette viser målformuleringane og strategiane at kommunen langt på veg gjer, men utan at dette er særleg uttalt i tekstdelen. Det vert heller ikkje utdjupa noko om korleis kommunen vil nå ut til alle grupper i befolkninga og slik motverke sosiale helseskilnader i befolkninga. Når god helse for alle er målet må kommunen ha tiltak både på befolkningsnivå og for grupper som treng tilrettelegging. Spesielt er tidleg innsats i barnehage, skule og fritid viktige arenaer. Planen bør seie noko om dette slik at det er god samanheng mellom tekstdelen og strategidelen. Viktige område/gruppe å sjå nærare på kan vere barn/unge som treng oppfølging, eldre, innvandrarar – korleis kan kommunen sikre god helse for desse? Vi vil her peike på kravet kommunen har etter folkehelselova om å utarbeide helseoversikt som kunnskapsgrunnlag dei prioriteringar kommunen gjer når det gjeld strategiar og tiltak. Folkehelsestatistikken for 2014 frå Folkehelseinstituttet, som er ei kjelde til data, viser for eksempel at Leikanger ligg godt over landet og fylket når det gjeld overvektige (målt for menn) og har større førekomst av muskel- og skjelleltdingar enn landet. På den positive sida har kommunen langt mindre fråfall frå vidaregåande skule og unge uføretrygda (18-44 år) enn fylket.

I strategidelen, område *Busetting og inkludering* finn vi fleire strategiar der folkehelseomsyn er teke. Bustader til personar som har vanskar med å skaffe seg

bustader, tilgjenge til bustadmarknaden for unge, med universell utforming og god kvalitet ved buområda, er viktig her. Når det gjeld området *Næringsutvikling og verdiskaping* bør eit inkluderande arbeidsliv og å hindre fråfall frå arbeidslivet inn som strategiar. Det same bør trygge, skadefrie arbeidsplassar i landbruk og skogbruket og sentrumsnære turveggar/område som er universelt utforma. Innan området *Kultur og fritid* peikar vi på viktigeita av varierte tilbod med låg terskel for deltaking til barn og unge, innvandrarar og andre som kan falle utanfor dei ordinære tilboda. Innan området *Oppvekst, eldre og helse* er det trekt opp gode og viktige folkehelsestrategiar.

Kommunen har teikna partnerskap om folkehelse med fylkeskommunen og har også eit tett samarbeid/partnerskap med Sogndal og Luster i «Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn» der førebygging, rehabilitering og helseovervaking er samarbeidsområda. Dette burde vore nemnd i planen.

### Kommuneplanen styrings- og gjennomføringsverktøy v/Trond Sundby

Det er viktig med gjennomføringskraft! Dvs. strategiane i samfunnsdelen inkl. føringar på arealplanarbeidet må følgjast opp i handlingsdel/økonomiplanen. (jf. Træen)

Døme frå Tingvoll kommune:

#### *Samfunnsdelen som styringsdokument*

«Kommuneplana er et aktivt styringsinstrument i Tingvoll kommune. Årlig utarbeides et politisk vedtatt handlingsprogram som er forankret i kommuneplana.

Handlingsprogrammet har styringskraft overfor økonomiplanen og blir rapportert i blant annet tertialrapporter og årsmelding. Økokommunen som konsept er et aktivt styringsinstrument i både saksbehandling, utviklingsprosjekter og kommunens drift.»

Samfunnsdelen bør, der det er mogleg, syne satsingsområde der kommunen treng hjelp frå regionalt nivå og kven som har ansvaret for oppfølginga i kommunen.

Døme frå Førde kommune:

Dette satsar vi på:

### 2.3 Førde er kjent som ein kompakt by med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald

Mål – dette vil vi oppnå	Tiltak – slik gjer vi det	Kostn.	Ansv.	Partar
1. Førde står fram som ein kompakt by	Tilrettelegging av sentrum	6 000'	Rådmannen	Førdepakken AS
	Førdepakken		Rådmannen	Førdepakken AS
2. Førde har gode byrom	Sykkelbyen Førde		Rådmannen	Førdepakken AS
3. Eit meir effektivt transportsystem	Deltaking i utviklingsprogram for byregionar		Rådmannen	SIS-samarbeidet
4. Fleire sykkelveggar				
5. Synleggjere Førde og regionen sine kvalitetar	Følgje opp Kulturplan 2013 – 2020	40 000'	Rådmannen Einingar innan kultur	Sogn og Fjordane kunstmuseum Førdefestivalen Sogn og Fjordane teater Musea i Sogn og Fjordane Fylkeskommunen ++
6. Førde står fram med eit aktivt og pulserande kulturliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nye lokale for Førde kulturskule</li> <li>Auke i kulturbudsjettet</li> <li>Sikre Danseverkstaden, musikklivet og friviljug kulturliv tilrettelagde lokale</li> <li>Oppdatering av Førdehuset</li> </ul>			
7. Trygge og gode oppvekstvilkår				
8. Auka internasjonalt mangfald				
9. Betra omdømme for Førde		1 000'		
10. God integrering	Fleire bustader til flyktningar	10 000'	Rådmannen	
11. Folketalsvekst	Utarbeide plan for mottak og integrering av flyktningar		Rådmannen	
12. Alle innbyggjarar har høve til å delta i aktivitetar	Vidareføre ordning med Opplevingskort		Rådmannen Aktuelle einingar	Kulturleverandørar

### *Busetjing og tilflytting*

Pendling mellom Leikanger og Sogndal finn ein som kart på Fylkesspegelen under pendling. Tala viser at 203 pendlar frå Leikanger til Sogndal, mens 397 pendlar frå Sogndal til Leikanger. I denne tabellen på Fylkesspegelen kan ein lese ut pendling for kvar einskild kommune. For Leikanger viser tabellen at det er 458 fleire som pendlar inn til Leikanger en som pendlar ut

Vi etterlyser ei kartlegging av bustadpreferansane i Leikanger for å finne eit betre grunnlag for ei fornuftig balanse mellom einebustad og mindre bustader i sentrumsområdet. På møtet vart det hevda at tilflyttarar til Leikanger i større grad enn t.d Sogndal og større tettstader ønsker seg einebustad eller bustad med eit godt uteareal. Ei spørjeundesøking hjå dei som har einebustad i dag kan i alle høve gi eit betre grunnlag for å sjå på potensialet.

### *Klima og miljø*

Me vil arbeida for å utvikla den kommunale bygningsmassen og energibruken i ein berekraftig retning og sjå på potensielle tiltak i nærmiljøa våre. (Oppmoda til utbygging av klimavenlege bygg)

Når det gjeld klima og miljøtiltak, meiner vi at kommunen som plan- og bygningsstyresmakt bør legge til rette for meir klimavenleg byggeri. Her er eit døme på korleis ein kommune kan leggje føringar i ei plansak i Florø:

*«Kommunen har høge miljø- og energiambisjonar og tilrettelegg for at arkitektur og byggeprosesser skal ivareta lågt klimagassutslipp og energibehov. Det kan vi oppnå med ein stadstilpassa og kompakt arkitektur med bruk av tre og kortreiste materialer. Sosiale bærekraftige kvalitetar skal sikrast i sambruk av arealer, bustadområder med "bilfrie system" og gode forhold for gåande med tilrettelagde møteplassar og tilgang til rekreativt grøntareal.»*

#### *Døme:*

Pilotprosjektet TUN+ Lomelde, med planar om 15-20 bustader. Prototypen skal base seg på lokalproduserte materiale, og vil vise samspelet mellom treets eigenskapar, ventilasjon og energiforbruk. Prosjektet har i tillegg eit stort fokus på universell utforming, og Noregs lengste universelt utforma rampe – Landevegen – er prosjektert gjennom dei forskjellige klyngetuna på Lomelde som ein viktig møteplass.

### **Oppsummering**

- Spm 1-Viktige problemstillingar: Det kom ikkje opp nye problemstillingar men meir ei drøfting av omtalen, vektlegging og innretting, jfr. innspel frå etatane.
- Spm 2- Målbilde. Ingen klare råd her. Men strukturen i samfunnsdelen må gå igjen i handlingsdel og økonomiplan
- Spm 3 - Korleis koplar vi saman samfunnsdelen, handlingsplan og økonomiplan på ein god måte: Viser til innspela frå fylkesmannen og fylkeskommunen med døme frå Førde, Sogndal og Tingvoll.

- Kommuneplanen og strategival: Generelt må kommuneplanen ta omsyn til kommunens økonomiske handlingsrom. Då må ein prioritere innafor satsingsområda. Når det gjeld kommunens næringsstruktur og sårbarheit er det generelle rådet at kommunen i alle høve bør bygge på styrken dei har innan offentlege arbeidsplassar og hagebruk. Innovasjon og nye tenester innafor desse segmenta bør vere mogleg. Dette bør gjelde uavhengig av endra kommunestruktur. Sogndal vil uansett fungere som regionsenter med viktige funksjonar innan handel, skule og forskning.